



Norske Felleskjøp SA

Prognose for tilgang og forbruk av norsk korn for sesongen 2017/2018

pr. 8. mai 2018

Marknadsreguleringa i kornsektoren har som formål å sikre omsetninga av norsk korn og å skape balanse i kornmarknaden i Norge. Sentrale verkemiddel er tiltak mot periodiske overskott og suppleringsimport av råvarer. Grunnlaget blir lagt gjennom prognosar for tilgang og forbruk av korn. Denne prognosen er siste vurdering av balansen i sesongen 2017/2018 og grunnlag for siste tildeling av importkvotar og eventuell iverksetting av andre marknadsbalanserande tiltak.

Tilgang av norsk korn

Tilgangsprognosen byggjer på registrert kvantum avrekna korn for landet. Det gjenstår normalt berre mindre kvanta som vil bli levert i resten av sesongen.

Norske Felleskjøp gir følgjande prognose for tilgang av norsk korn til engrosmarknaden i kornåret:

Tilgang norsk korn (tonn)

| | Gjennomsnitt 2012-16 | Tilgang 2016 | Prognose 2017 | Prognose ifht siste 5 år | Prognose ifht siste år |
|----------------------|-------------------------|--------------|------------------|-----------------------------|---------------------------|
| Matkveite | 187 100 | 224 900 | 150 100 | 80 % | 67 % |
| Fôrkveite | 130 300 | 65 500 | 237 400 | 182 % | 362 % |
| Kveite i alt | 317 400 | 290 400 | 387 500 | 122 % | 133 % |
| Matrug | 19 200 | 13 500 | 21 100 | 110 % | 156 % |
| Fôrrug/rugkveite | 7 800 | 9 500 | 28 900 | 371 % | 304 % |
| Rug i alt | 27 000 | 23 000 | 50 000 | 185 % | 217 % |
| Bygg | 519 300 | 601 700 | 544 000 | 105 % | 90 % |
| Havre | 262 000 | 339 300 | 270 000 | 103 % | 80 % |
| Korn totalt | 1 125 700 | 1 254 400 | 1 251 500 | 111 % | 100 % |
| Erter | 2 700 | 5 100 | 3 800 | 141 % | 75 % |
| Oljefrø, åkerbønner | 9 800 | 11 400 | 10 200 | 104 % | 89 % |
| Korn, erter, oljefrø | 1 138 200 | 1 270 900 | 1 265 500 | 111 % | 100 % |
| Matandel kveite | 59 % | 77 % | 39 % | | |
| Matandel rug | 71 % | 59 % | 42 % | | |

(Kjelde historiske data: Landbruksdirektoratet)

Tilgangen av korn er med dette prognosert 2 900 tonn lågare enn tilgangen i sesongen 2016/2017. Tilgangen av erter og oljefrø er prognosert 2 500 tonn lågare.

Forbruk av korn og kornråvarer

Matkorn

Prognosen for foredling av matkorn i Norge er basert på trend for siste tre år for kveite, rug og bygg og fem år for havre.

Tabellen under viser forbruket dei siste sesongane, og prognose:

| Matkornforbruk pr kornsesong (tonn) | | | | | |
|-------------------------------------|---------|--------|-------|--------|---------|
| Sesong | Kveite | Rug | Bygg | Havre | Sum |
| 2012/2013 | 281 646 | 26 056 | 2 604 | 26 998 | 337 304 |
| 2013/2014 | 279 896 | 23 421 | 2 643 | 28 807 | 334 767 |
| 2014/2015 | 274 945 | 22 124 | 3 187 | 30 888 | 331 144 |
| 2015/2016 | 276 701 | 21 122 | 3 517 | 30 281 | 331 621 |
| 2016/2017 | 279 211 | 21 177 | 3 232 | 30 145 | 333 765 |
| Prognose 17/18 | 281 200 | 20 600 | 3 400 | 31 700 | 336 900 |

(Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet)

Kraftfôr

Forbruksprognosane for fôrkorn baserer seg på registrert sal av kraftfôr til og med 1. kvartal i 2018 og på produksjons- og salsprognosar for mjølk, kjøtt og fjørfe. Forventa produksjon i perioden er prognosert under:

| Kraftfôrsalg per kornsesong (tonn) | | | | | |
|------------------------------------|------------------|----------------|----------------|---------------|------------------|
| | Drøvtyggar | Svin | Fjørfe | Anna | Sum |
| 4K12 - 3K13 | 992 119 | 482 004 | 446 184 | 28 380 | 1 948 687 |
| 4K13 - 3K14 | 997 058 | 481 603 | 460 639 | 25 192 | 1 964 492 |
| 4K14 - 3K15 | 1 010 312 | 495 779 | 426 925 | 22 386 | 1 955 402 |
| 4K15 - 3K16 | 1 012 834 | 498 346 | 436 699 | 19 094 | 1 966 973 |
| 4K16 - 3K17 | 1 004 677 | 491 545 | 458 736 | 16 823 | 1 971 781 |
| 4K17 - 3K18* | 1 068 000 | 503 000 | 458 000 | 14 000 | 2 043 000 |
| Endring | 6,3 % | 2,3 % | -0,2 % | -16,8 % | 3,6 % |

(Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet)

Det er lagt til grunn at mangel på grovfôr aukar etterspørselen etter kraftfôr til drøvtyggarar med 3%.

Import av kornråvarer for å supplere tilgangen av norsk korn

Importbehov matkorn

Importkvoten for matkorn vert gitt som ei samla kvote som normalt vert fordelt mellom auksjonar i august, november og mai. Som grunnlag for tilråding om importkvoten for matkorn er dei enkelte kornslaga vurdert for seg.

Regn i september 2017 skapte store kvalitetsproblem for norsk matkorn. Matkveiten er svært skeivt fordelt mellom dei ulike proteinkvalitetane denne sesongen på grunn av at falltalet svikta for vårkveiten som vart treska i september-oktober. Dette skapar vanskar for bruk av norsk matkveite i mjølblandingane. Det er av same årsak behov for import av konvensjonelt dyrka grynhavre denne sesongen i tillegg til av økologisk produsert havre.

Av registrert avrekna kvantum matrug, har om lag 3 000 tonn blitt brukt til kraftfôr.

Ut frå prognosert totalt forbruk av matkorn og prognosert tilgang av norskprodusert matkorn, vil det vere behov for følgjande supplerande import av matkorn i kvoteåret:

| Importbehov matkorn (tonn) | | | | | |
|-----------------------------------|---------------|------------|-------------|--------------|------------|
| | Kveite | Rug | Bygg | Havre | Sum |
| Forbruksprognose | 281 200 | 20 600 | 3 400 | 31 700 | 336 900 |
| Norsk matkorn | 86 600 | 18 100 | 3 400 | 15 000 | 123 100 |
| Importbehov | 194 600 | 2 500 | 0 | 16 700 | 213 800 |

Forslag om importkvote for matkorn

Ved fastsetting av kvote for import med redusert toll må det takast omsyn til import frå land industrien kan importere frå tollfritt og til særskilt avtalte kvoter med andre land. Det er ikkje søkt om GSP-lisensar for import av matkorn. Det er lagt til grunn at importkvotar for durumkveite blir utnytta i tråd importen i siste kalenderår. Normalt har avvik mellom tildelt kvote og etterrekna kvote blitt korrigert for. I år er det meldt inn overskott av meir matkorn enn aktuell korreksjon og denne korreksjonen fell difor bort.

Prognosen gir følgjande grunnlag for tilråding om suppleringsimport av matkorn ved auksjonen i mai:

| Prognosert suppleringsimport matkorn, mai 2018 (tonn) | |
|--|---------------|
| Prognosert suppleringsimport sesongen | 214 000 |
| - Import under kvoter for durumkveite | (2 000) |
| Suppleringsimport inklusive MUL-import | 212 000 |
| - Tildelt importkvote i august | (44 000) |
| - Tildelt importkvote i november | (120 000) |
| - Tildelt importkvote i mars | - |
| Importbehov inklusive MUL-import | 48 000 |
| Korreksjon for kvotetildeling forrige sesong | - |
| - Lisensiert nulltollimport frå MUL-land | - |
| Prognosert importkvote med administrert toll | 48 000 |

Importbehov for fôrkorn (karbohydratråvarer)

Prognosert omsetning av kraftfôr er grunnlaget for importbehovet. Kraftfôr er i hovudsak samansett av karbohydrat-, protein- og feittråvarer. Importen av karbohydratråvarer – som konkurrerer direkte med norskprodusert korn – er regulert gjennom kvoter.

Avtalte importkvotar for karbohydratråvarer

For import frå MUL-land er det fri tilgang til importlisensar. Denne importen skjer uavhengig av tollkvotetildelinga og må takast omsyn til ved utlysing av auksjon av kvote med redusert toll.¹

I perioden 01.08.2017 – 24.04.2018 er det registrert importert 28 000 tonn karbohydratråvarer på slike tollfrie lisensar. For perioden 25.04.2018 - 31.07.2018 er det gitt nye lisensar for import av ytterlegare 10 000 tonn. Tilgjengeleg kvote for auksjon av korn med redusert tollsats vert difor

¹ Lisensane gjeld til 31. juli og nye importkvotar for ordinær import med redusert tollsats blir fordelt i auksjon i august og er tilgjengelege frå 1. september. Avviket er ein månad og blir ikkje teke omsyn til i prognosen.

reduisert tilsvarande. Eventuelt mindreforbruk i forhold til gitte lisensar for perioden april-juli vert korrigert i august.

Det er inngått avtale med EU om tilgang til tollfri import til Norge av inntil 10 000 tonn mais og 10 000 maisgrits. Kvotane gjeld for kalenderåret. Norske Felleskjøp legg til grunn at desse blir utnytta fullt ut og reduserer nødvendig kvantum suppleringsimport med administrerte tollsatsar tilsvarande. Det er også lagt til grunn at den tollfrie kvota på 40 000 tonn roemelasse til dyrefôr vil bli utnytta fullt ut.

Balansen for fôrkorn i sesongen 2017/2018

Frå og med inneverande sesong kan kornhandlarane melde inn overskott fritt for kompensasjon av lagringskostnader over omsetningsavgifta. Omsetningsrådet har bestemt at innmeldt overskott skal inngå som tilgang i siste sesongprognose. For å illustrere balansen for fôrkorn i tidlegare ordning saman med ny ordning i denne prognosen, viser vi innleiingsvis balansen før ny overlageringsordning:

Fordeling norsk korn (tonn)

| Kornslag | Tilgang ny avling | Over-lagra korn inn | Forbruk matkorn | Omdisp. | Over-lagring matkorn | Norsk korn til fôr |
|---------------|-------------------|---------------------|-----------------|---------------|----------------------|--------------------|
| Kveite | 387 500 | 11 000 | 89 000 | 35 000 | 37 000 | 272 500 |
| Rug | 50 000 | 0 | 18 000 | 0 | 0 | 32 000 |
| Bygg | 544 000 | 31 000 | 3 400 | | 0 | 571 600 |
| Havre | 270 000 | 5 000 | 15 000 | | 0 | 260 000 |
| Totalt | 1 251 500 | 47 000 | 125 400 | 35 000 | 37 000 | 1 136 100 |

I eit slikt scenario gjennom sesongen, kunne fordelinga mellom omdisponering og overlagering av matkveite blitt annleis. Det ville ikkje vore overskott av fôrkorn. Dette ville gitt følgjande behov for supplering av karbohydratråvare:

| Importbehov karbo (tonn) | |
|---|----------------|
| Forbruk | |
| Krautførsal | 2 042 000 tonn |
| Andel karbohydratråvare | 70,4 % |
| Behov karbohydratråvarer | 1 438 000 |
| -Tilgang av norsk kli | 58 000 |
| Karbohydratråvarer eksklusiv kli | 1 380 000 |
| Tilgang norsk fôrkorn | 1 136 100 tonn |
| Norsk korn brukt til krautfôr etter svinn | -1 125 000 |
| Suppleringsbehov karbohydratråvare | 255 000 |


*) Svinn 1,0 %

Dette ville gitt følgjande utrekna kvoter, før og etter korreksjon for tilgang etter innrapportert overskott pr. 3. april:

| Prognosert suppleringsimport karbohydrat, mai 2018 (tonn) | |
|--|----------|
| Prognosert behov for import i sesongen | 255 000 |
| - Kvoter for mais og maisgrits - EU | (20 000) |
| - Kvote for roemelasse - GSP | (40 000) |
| Korreksjon for ubrukte MUL-lisensar i siste kvoteår | - |
| Suppleringsimport inklusive MUL-import | 195 000 |
| - Tildelt importkvote i august | (99 000) |
| - Tildelt importkvote i november | (38 000) |
| - Tildelt importkvote i mars | - |
| Importbehov mai inklusive MUL-import før korreksjon | 58 000 |
| +/- korreksjon for kvotetildeling forrige sesong | - |
| - MUL; importert og lisensiert import rest av sesong | (38 000) |
| Foreløpig forslag til importkvote med administrert toll | 20 000 |
| Innmeldt overskott av norsk fôrkorn pr 3. april | (50 700) |
| Prognosert suppleringsimport etter tidlegare modell | - |

Behov for import etter rapporten «Rom for bruk av norsk korn»

Bruken av importerte essensielle råvarer (maisgrits blir rekna som tilsvarende mais i denne samanhengen) auka ei periode med små avlingar av fôrkorn og store importkvotar, som vist i figuren under:



Dei to siste åra har tilgangen til kvoter for import av desse varene gått ned samtidig som samla produksjon av kraftfôr har gått opp.

Norske Felleskjøp gjennomførte i 2017 ei vurdering av behovet for sentrale råvarer, jamfør rapporten «Rom for norsk korn» av 01.12.2017. Rapporten definerer enkelte råvarer som absolutt nødvendige i

produksjon av kraftfôr: Roesnitter, mais og melasse som berre er tilgjengeleg gjennom import. I tillegg er det eit marknadsmessig underskott av økologisk produsert fôrkorn. Rapporten definerte også minstebehov for fôrkveite og fiberråvare. Norske Felleskjøp vil medverke til at kraftfôrindustrien alltid har tilgang til kvoter som kan dekke minimumsbehovet.

Med gjeldande tilgang av fôrkveite og kli frå norsk matmjølproduksjon, gir rapporten føringar for minimums importbehov og eit robust nivå som i sterkare grad gir sikring mot kvalitetssvikt som kan gi svekka dyrehelse. Tabellen under viser korleis desse to forbruksnivåa kan dekkjast i inneverande sesong. Importbehovet og andelen som kan dekkast gjennom norsk fôrkveite er justert for prognosert vekst i forbruk av karbohydratråvarer i totalt kvantum kraftfôr:

| Importvurdering (tonn) | Minimum | Robust |
|---|----------------|----------------|
| Minimums behov for essensielle karbohydratråvarer | 452 000 | 577 000 |
| Behovsdekking av norsk fôrkveite | -208 000 | -260 000 |
| Behovsdekking av norsk kli | -58 000 | -58 000 |
| Suppleringsbehov karbohydratråvare | 186 000 | 259 000 |
| Tilgang gjennom bilaterale kvoter (tollfritt) | -60 000 | -60 000 |
| Tilgang via MUL-import, prognosert (tollfritt) | -38 000 | -38 000 |
| Kvoter med administrert tollsats | 88 000 | 161 000 |

Balansen for fôrkorn i sesongen 2017/2018 etter ny ordning for overlaging

Samla tilgang av norsk fôrkorn, inklusive overlagra vare og innmeldt overskott pr. april, tilseier suppleringsimport nær minimumsnivået i tabellen over. Tabellen under viser balansen:

| Kornbalanse (tonn) | Kveite, mat | Rug, mat | Matkorn | Kveite, fôr | Rug, fôr | Bygg | Havre | Fôrkorn |
|--------------------|-------------|----------|---------|-------------|----------|---------|---------|-----------|
| Overlagra | 10 700 | 0 | 10 700 | 0 | 0 | 30 500 | 4 500 | 35 000 |
| +Ny avling | 150 100 | 21 100 | 171 200 | 237 400 | 28 900 | 544 000 | 270 000 | 1 080 300 |
| +Innmeldt 3.april | 36 600 | 0 | 36 600 | 11 000 | 2 200 | 37 500 | 0 | 50 700 |
| =Tilgang | 197 400 | 21 100 | 218 500 | 248 400 | 31 100 | 612 000 | 274 500 | 1 166 000 |
| Om disponert/brukt | -35 000 | -3 000 | -38 000 | 35 000 | 3 000 | -3 400 | -15 000 | 19 600 |
| =Tilgang netto | 162 400 | 18 100 | 180 500 | 283 400 | 34 100 | 608 600 | 259 500 | 1 185 600 |

To sentrale nye ordningar som påverkar tilgangen til importvare er innført i løpet av sesongen (i november og desember 2017): Avklaring av minimums importbehov og ordninga med fri innmelding av overskott for overlaging. Forvaltinga av marknadsreguleringa bør gi industrien og kornhandelen føreseielege rammer. Det er difor grunnlag for å utsette den fulle effekten av desse ordningane til neste sesong. NFK vil difor legge det robuste nivået for import av råvarer til grunn for tilråding om importkvotar i mai. Frå og med neste sesong vil dei nye ordningane gi rammer for industrien og kornhandlarane som er kjende og som vil bli lagde til grunn av NFK.

Totalt behov for karbohydrat er rekna som 70,4 % av samla omsetning av kraftfôr.

Tabellen under viser rom for norsk korn til kraftfôr dersom importkvotane skal gi rom for råvarer som tilsvarar minimumsnivået og det robuste nivået for import i rapporten «Rom for norsk korn» av 01.12.2017 slik dette er utrekna ovanfor med utgangspunkt i den aktuelle tilgangen av fôrkveite og kli:

| | Minimum | Robust |
|--|------------------|------------------|
| Auksjonert minstekvote for sesongen | 88 000 | 161 000 |
| + Kvoter for mais og maisgrits - EU | 20 000 | 20 000 |
| + Kvote for roemelasse - GSP | 40 000 | 40 000 |
| +Korreksjon for ubrukte MUL-lisensar i siste kvoteår | 0 | 0 |
| + MUL; importert og lisensiert import rest av sesong | 38 000 | 38 000 |
| Minimumsbehov for import i sesongen | 186 000 | 259 000 |
| Totalt behov for karbohydrat | 1 380 300 | 1 380 300 |
| Minimumsbehov for import i sesongen | -186 000 | -259 000 |
| Rom for norsk fôrkorn | 1 194 300 | 1 121 300 |

Karbohydratandelen for prognoseperioden blir prognosert med bakgrunn i kvartalstal for forbruk av karbohydrat og andre råvarer². For sesongen blir karbohydratandelen sett til 70,4 %.

Det gir følgjande behov for suppleringsimport av karbohydratråvarer til kraftfôr:

| Importbehov karbo (tonn) | | |
|---|----------------|----------------|
| Forbruk | | |
| Kraftfôrsal | 2 043 000 tonn | |
| Andel karbohydratråvare | 70,4 % | |
| Behov karbohydratråvarer | | 1 438 000 |
| -Tilgang av norsk kli | | 58 000 |
| Karbohydratråvarer eksklusiv kli | | 1 380 000 |
| Tilgang norsk fôrkorn | 1 121 300 tonn | |
| Norsk korn brukt til kraftfôr etter svinn | | -1 121 000 |
| Suppleringsbehov karbohydratråvare | | 259 000 |

Faktisk tilgang er større enn normert rom for norsk korn og tilgangen er difor ikkje korrigert for svinn. Suppleringsbehovet utgjer 19 % av forbruket av karbohydratråvarer eksklusiv kli. Av totalt forbruk av råvarer til kraftfôr utgjer norsk korn 55 %.

Forslag om importkvote for fôrkorn

I maiprognosen skal det normalt korrigerast for evaluering av importkvoter i den førre sesongen. I år er det lagt til grunn at det blir gitt kvoter i tråd med robust importbehov. Korreksjon for avvik i sesongen 2016/2017 fell då bort.

Prognosen gir følgjande oversikt over balansen for karbohydrat pr. mai, basert på oppdatert behov for råvarer:

² Bransjetal registrert av Landbruksdirektoratet

| Prognosert suppleringsimport karbohydrat, mai 2018 (tonn) | |
|--|---------------|
| Prognosert behov for import i sesongen | 259 000 |
| - Kvoter for mais og maisgrits - EU | (20 000) |
| - Kvote for roemelasse - GSP | (40 000) |
| Korreksjon for ubrukte MUL-lisensar i siste kvoteår | - |
| Suppleringsimport inklusive MUL-import | 199 000 |
| - Tildelt importkvote i august | (99 000) |
| - Tildelt importkvote i november | (38 000) |
| - Tildelt importkvote i mars | - |
| Importbehov mai inklusive MUL-import før korreksjon | 62 000 |
| +/- korreksjon for kvotetildeling forrige sesong | - |
| - MUL; importert og lisensiert import rest av sesong | (38 000) |
| Forslag til importkvote med administrert toll | 24 000 |

Ved kvote etter tidlegare modell på 20 000 tonn og ny kvote på 24 000 tonn, er det ikkje behov for avkortning av innmeldte kvanta for overlaging.

VEDLEGG:**Tilgang korn (tonn)**

| | Matkveite | Förkveite | Total | Matrug | Förrug/ rugkveite | Total |
|-----------------|----------------|----------------|----------------|---------------|----------------------|---------------|
| 2002/03 | 201 111 | 42 967 | 244 078 | 6 048 | 2 105 | 7 257 |
| 2003/04 | 310 007 | 24 347 | 334 354 | 15 725 | 2 453 | 17 309 |
| 2004/05 | 336 060 | 55 818 | 391 878 | 33 192 | 5 811 | 38 361 |
| 2005/06 | 355 252 | 22 663 | 377 915 | 25 872 | 7 563 | 33 211 |
| 2006/07 | 219 365 | 120 726 | 340 091 | 19 940 | 4 690 | 24 581 |
| 2007/08 | 303 085 | 78 421 | 381 506 | 25 080 | 13 226 | 38 238 |
| 2008/09 | 128 406 | 305 198 | 433 604 | 20 016 | 26 657 | 46 320 |
| 2009/10 | 86 290 | 177 773 | 264 064 | 8 961 | 17 996 | 26 709 |
| 2010/11 | 184 791 | 127 458 | 312 249 | 16 182 | 17 585 | 33 301 |
| 2011/12 | 40 504 | 229 783 | 270 287 | 4 747 | 11 478 | 16 109 |
| 2012/13 | 174 164 | 84 459 | 258 623 | 2 853 | 2 025 | 4 694 |
| 2013/14 | 171 406 | 26 335 | 197 741 | 11 700 | 949 | 12 236 |
| 2014/15 | 217 471 | 150 946 | 368 418 | 31 259 | 6 764 | 36 760 |
| 2015/16 | 147 734 | 324 001 | 471 735 | 36 591 | 29 532 | 62 197 |
| 2016/17 | 224 867 | 65 522 | 290 389 | 13 457 | 9 529 | 19 126 |
| 15. august | 199 000 | 138 000 | 337 000 | 22 000 | 16 000 | 38 000 |
| 27. september | 127 000 | 208 000 | 335 000 | 29 000 | 10 000 | 38 000 |
| 21. november | 133 000 | 247 000 | 379 000 | 21 000 | 21 000 | 43 000 |
| 14. mars | 150 000 | 223 000 | 373 000 | 22 000 | 29 000 | 50 000 |
| Prognose | 150 100 | 237 400 | 387 500 | 21 100 | 28 900 | 50 000 |

Tilgang korn (tonn)

| | Bygg | Havre | Sum korn | Erter | Oljefrø, åkerbønner |
|-----------------|----------------|----------------|------------------|--------------|------------------------|
| 2002/03 | 555 501 | 261 445 | 1 069 176 | 529 | 17 822 |
| 2003/04 | 552 344 | 316 605 | 1 221 480 | 1 054 | 11 312 |
| 2004/05 | 599 521 | 353 222 | 1 383 624 | 2 476 | 12 237 |
| 2005/06 | 557 297 | 264 385 | 1 233 032 | 3 400 | 11 220 |
| 2006/07 | 508 919 | 233 840 | 1 107 480 | 5 934 | 9 519 |
| 2007/08 | 456 091 | 260 427 | 1 136 329 | 8 691 | 8 966 |
| 2008/09 | 528 749 | 310 348 | 1 319 374 | 6 590 | 9 722 |
| 2009/10 | 447 484 | 268 224 | 1 006 728 | 6 818 | 6 819 |
| 2010/11 | 512 424 | 287 128 | 1 145 568 | 6 445 | 10 165 |
| 2011/12 | 462 313 | 219 982 | 968 807 | 2 272 | 8 577 |
| 2012/13 | 541 984 | 219 864 | 1 025 348 | 1 869 | 11 315 |
| 2013/14 | 479 429 | 212 361 | 902 179 | 963 | 6 015 |
| 2014/15 | 498 860 | 269 693 | 1 174 994 | 2 087 | 9 648 |
| 2015/16 | 474 394 | 268 737 | 1 280 989 | 3 535 | 10 403 |
| 2016/17 | 601 722 | 339 272 | 1 254 370 | 5 070 | 11 450 |
| 15. august | 520 000 | 279 000 | 1 174 000 | 5 000 | 11 000 |
| 27. september | 522 000 | 277 000 | 1 172 000 | 5 000 | 11 000 |
| 21. november | 534 000 | 264 000 | 1 220 000 | 4 000 | 10 000 |
| 14. mars | 530 000 | 265 000 | 1 218 000 | 4 000 | 10 000 |
| Prognose | 544 000 | 270 000 | 1 251 500 | 3 800 | 10 200 |

Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet

| Arealfordeling 2012 - 2017 (dekar) | | | | | | | Endring frå 2016 | Endring frå august |
|------------------------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|------------------|--------------------|
| | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | | |
| Haustkveite | 19 724 | 91 327 | 205 474 | 375 711 | 114 213 | 302 500 | 188 300 | 29 500 |
| Vårkveite | 648 508 | 456 404 | 585 034 | 480 096 | 552 434 | 453 000 | (99 400) | (20 700) |
| Kveite | 668 232 | 547 731 | 790 508 | 855 807 | 666 647 | 755 500 | 88 900 | 8 800 |
| Rug, rugkveite | 14 756 | 30 095 | 60 846 | 104 104 | 45 460 | 83 600 | 38 100 | 8 900 |
| Bygg | 1 558 255 | 1 587 177 | 1 259 617 | 1 225 484 | 1 367 167 | 1 340 300 | (26 900) | 6 400 |
| Havre | 689 422 | 684 556 | 714 966 | 629 935 | 758 377 | 671 800 | (86 600) | (29 300) |
| Korn | 2 930 665 | 2 849 559 | 2 825 937 | 2 815 330 | 2 837 651 | 2 851 200 | 13 500 | -5 200 |
| Oljefrø | 54 873 | 34 613 | 40 999 | 34 707 | 41 301 | 23 000 | -18 300 | 300 |
| Korn/oljvekstar | 2 985 538 | 2 884 172 | 2 866 936 | 2 850 037 | 2 878 952 | 2 874 200 | -4 800 | -4 900 |

Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet/Søknad om produksjonstilskudd.

Med den aktuelle prognosen for tilgang av korn til industrien, tillegg for leigerensning m.m. og det registrerte arealet i søknadar om produksjonstillegg som vist over, ser dekaravlinga rekna ut til å vere:

Avling, kg/dekar

| Kornslag | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | Prognose 2017 |
|--------------------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|---------------|
| Kveite | 341 | 461 | 386 | 411 | 389 | 492 | 574 | 469 | 542 |
| Rug | 385 | 507 | 308 | 332 | 422 | 625 | 635 | 506 | 598 |
| Bygg | 350 | 372 | 335 | 368 | 324 | 420 | 414 | 463 | 422 |
| Havre | 343 | 392 | 324 | 336 | 327 | 396 | 452 | 469 | 422 |
| Totalt korn | 347 | 401 | 345 | 370 | 338 | 439 | 479 | 467 | 458 |
| Oljefrø | 159 | 172 | 165 | 205 | 139 | 199 | 240 | 216 | 261 |

Evaluering av prognosen for 2016/2017

Det er avvik mellom prognosen utgitt i mai 2017 og resultatet av evalueringa av prognosen når alle data på tilgangs- og forbrukssida er kjent:

| Evaluering karbo 2016/17 | Maiprognose | Evaluert p.t | Differanse |
|-------------------------------------|----------------|----------------|----------------|
| Omsetning av kraftfôr | 1 986 000 | 1 971 800 | -14 200 |
| Andel karbohydrat | 70,0 % | 70,2 % | 0,2 % |
| Behov for karbohydrat | 1 390 000 | 1 384 000 | -6 000 |
| Forbruk av kli frå norsk foredling | -53 000 | -53 000 | 0 |
| Behov for karbohydrat ekskl. kli | 1 337 000 | 1 331 000 | -6 000 |
| Norsk fôrkorn | -1 009 000 | -1 020 000 | -11 000 |
| Importbehov totalt | 328 000 | 311 000 | -17 000 |
| Bilaterale kvoter EU, GSP | (60 000) | (60 000) | |
| Korreksjon for året før | (8 000) | (8 000) | 0 |
| MUL-kvoter korrigeret | -20 000 | -19 285 | 715 |
| Kvoter for suppleringsimport | 240 000 | 223 715 | -16 285 |
| Ubrukt kvote | | | 5 384 |

Dette medfører normalt avkorting i importbehovet i inneverande sesong. Avkortinga blir korrigeret for ubrukt kvote og for tillegget for MUL-lisensar som er gitt etter fjoråret. På grunn av aksept for nedre grense for import, blir denne korreksjonen ikkje iverksett for denne sesongen. Den same føresetnaden er lagt til grunn for korreksjon for prognosert MUL-import i april – juli 2017.